



Arkivsak

26/09771-1

Sakshandsamar

Wenche Aadalen

Saksgang

Fylkestinget

Møtedato

18.06.2026

Fergene Telemark FKF - Rapport 1. tertial 2026

Innstilling frå fylkesdirektøren

Fylkestinget tek rapport for 1. tertial 2026 for Fergene Telemark FKF til orientering.

Bakgrunn og saksgang

Fergene Telemark FKF rapporterer tertialvis til eigar i tråd med kommunelova § 9-16. Rekneskap og økonomisk status for 1. tertial 2026 vart handsama av styret i møte 29. april 2026.

I same møte handsama styret òg sak om kraftig auke i dieselutgifter og vedtok å varsle fylkeskommunen om vesentlege økonomiske konsekvensar som må vurderast i samband med behandling av 2. tertial.

Saksopplysningar

Styret si handsaming

Styret vedtok samrøystes:

- å ta HMS- og driftsrapporten til orientering
- å vedta framlagde budsjettendringar for T1 2026
- å varsle fylkeskommunen om dei auka dieselutgiftene, og be om at desse blir vurderte i behandlinga av T2

Styret presiserte at dei auka dieselutgiftene ikkje er innarbeidde i revidert budsjett for T1, då utgiftsutviklinga har vore rask og framleis er usikker.

Økonomisk status per 1. tertial 2026

Førebels rekneskap for 1. tertial 2026 viser:

- høgare billettinntekter for bil enn opprinneleg budsjett
- lågare personbillettinntekter enn budsjett
- høgare løns- og sosiale utgifter enn opprinneleg budsjett
- reduksjon i kjøp av varer og tenester samanlikna med opphavleg budsjett

Det er foreslått budsjettendringar i T1 for å tilpasse budsjettet til faktisk aktivitetsnivå og kjende endringar. Etter justeringane viser budsjettet eit positivt netto driftsresultat, med planlagt overføring frå drift til investering.

Drift og aktivitet i perioden

Den ordinære drifta hittil i 2026 T1 viser i hovudsak stabil drift:

- billettering vart gjeninnført frå 24. mars 2026
- utfordringar knytte til billetteringssystemet er i hovudsak løyste
- selskapet er godkjent som lærebedrift
- fartøystatus og kaianlegg er følgde tett
- rapportering av avvik og hendingar skjer gjennom Nova Safe

Det er registrert arbeidsmiljøutfordringar, og det pågår ei arbeidsmiljøundersøking som vil bli følgd opp vidare.

Særlege risikoforhold

Føretaket har i perioden januar–april 2026 hatt ein kraftig auke i dieselpisane. Prisnivået har auka frå om lag 12,5–13,5 kr/l i 2025 til 17,5–18,0 kr/l våren 2026, tilsvarande ein auke på 40–50 prosent. Basert på dagens prisnivå er det estimert:

- ein samla auke i dieselutgifter i 2026 på om lag 3,5–4,5 mill. kr

Styret vurderer utgiftsauken som svært krevjande. Auka drivstoffutgifter kan ikkje overførast til publikum, sidan billettprisane blir fastsette av fylkeskommunen. Dersom nivået vedvarer, kan dette få konsekvensar for rutetilbodet.

Styret har difor vedteke å varsle fylkeskommunen, og ber om at saka blir vurdert i samband med økonomihandsaminga for 2. tertial 2026.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Saka har inga direkte juridisk eller administrativ konsekvens utover ordinær eigaroppfølging. Den varsla utgiftsauken knytt til diesel kan få økonomiske konsekvensar som må handterast gjennom vidare budsjettprosess og eigardialog i samband med behandling av 2. tertial.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Fergene Telemark FKF påverkar klimagassutslepp gjennom drift av ferje- og båttjenester, men bidreg til fylkets klimamål ved å tilby kollektiv sjøtransport som alternativ til privat bilbruk, og dermed redusere samla klima- og naturbelastning.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren vurderer at tertialrapport for 1. tertial 2026 gir eit realistisk bilete av den økonomiske og driftsmessige situasjonen i Fergene Telemark FKF. Samstundes representerer dei auka dieselutgiftene ein vesentleg økonomisk risiko som ligg utanfor føretaket si styring.

Det er difor viktig at fylkestinget er tidleg kjent med utgiftsutviklinga, og at vidare oppfølging skjer i samband med behandling av 2. tertial og vidare eigardialog.

Vedlegg:

Notat til styret vedrørende diesel

Resultatregnskap T1 inkl. budsjettendringer Fergene Telemark FKF

Møteprotokoll styremøte FT 29.04.2026